

oseana

KUNST & KULTURSENTER

Årsmelding 2024



Oseana blei kåra til årets arrangør av Riksteatret i 2024 – Her illustrert med innlast til førestillinga *Bare Elling*



KUNST & KULTURSENTER

oseana

STYRETS MELDING FOR 2024

Det er med glede at styret legg fram si melding for 2024. Etter eit utfordrande 2023 har vi oppnådd betydeleg betre resultat, både økonomisk og på publikumsida. Besøktala har auka, og det økonomiske resultatet er tilbake i balanse. Dette er eit resultat av målretta innsats og godt samarbeid mellom styret, administrasjonen og våre samarbeidspartnarar.

Oseana sitt primære formål er å vera eit kunst- og kultursenter som fungerer som eit brukshus for det lokale kulturlivet, samtidig som det er ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum. I 2024 har vi sett ei positiv utvikling med auka publikumsoppslutning frå heile regionen.

Den nye veggen og tunnelstrekket frå Bergen til Os gir nye moglegheiter for Oseana, og vi ser fram til å utforska desse saman med dei planlagde hotellprosjekta i området. Vi er overtydde om at denne utviklinga vil bidra til vidare vekst.

Reduserte økonomiske rammevilkår frå Bjørnafjorden kommune og generell prisvekst førte til at vi for første gong i huset si historie, gjekk med underskot i 2023. Vi har jobba målretta for å snu dette i året som gjekk, og det er svært gledeleg at vi i 2024 igjen gjekk i balanse økonomisk.

Styret vil takka Bjørnafjorden kommune, sponsorar, leigetakarar, artistar, frivillige og besøkande for samarbeidet i 2024. Ein særskilt takk går til Grieg Foundation for verdifull støtte.

Sidan oppstarten i 2011 har Oseana hatt ein stab som har strekt seg langt for å oppfylle visjonen om å vera "eit hus for opplevingar". Styret vil retta ein stor takk til staben og dagleg leiar for innsatsen som har gjort det mogleg å levera kultur av høg kvalitet gjennom året.

Vi ser fram til å byggja vidare på denne positive utviklinga, og til eit nytt år med kunst og kultur av høg kvalitet for heile regionen.

Styret Oseana KF



Årets arrangør 24 – Riksteatret



Friskunst med TEO



Klimapartnere - 10 års jubileum

OSEANA SI UTVIKLING

Oseana sitt primære formål er å vera eit kunst- og kultursenter i form av eit brukshus for det lokale kulturlivet, i tillegg til å vera ein kulturell og sosial møteplass for eit breitt publikum med eit mangfald av profesjonelle kulturyrtingar, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Oseana har heile Bergensregionen som sitt kjerneområde. Senteret skal vera **"eit hus for opplevingar"** for unge, eldre, amatørar og profesjonelle. Samstundes skal kulturhuset bidra til å utvikla Bjørnafjorden som ein attraktiv nærings- og bustadkommune. Det er gledeleg at vi registrerer jamt besøk frå heile fylket.

Driftsåret 2024 har vore betre både økonomisk og på publikumsida enn året før. Vi selde fleire billetter enn fjoråret og tente generelt meir per billett. Hausten 2024 var spesielt bra.

Programmet har vore variert og innhaldsrikt. Oseana skal ha noko for alle, og 2024 baud på ei breidde som spente mellom klassiske perler på flygel til Sivert Høyem og DDE, for å nemna noko. Vi held fram med det gode samarbeidet med Riksteatret og er spesielt stolte av å ha blitt kåra til årets arrangør 2024. Ein annan viktig samarbeidspartnar er Bergen Nasjonale Opera med *Opera ved Fjorden*-prosjektet. I tillegg til dei gode samarbeidsplattformane vi har med lokale aktørar, er slike regionale og nasjonale samarbeid viktige for å oppretthalde breidda i programtilbodet.

Julekonsertane med Eirik Søfteland har blitt ein tradisjon


Også samhandlinga med Grieg Foundation og samarbeidet rundt utviklinga av Oseana som kunstinstusjon i regionen, er ytterlegare styrka i året som gjekk. Aktiviteten har auka betydeleg, både ved innkjøp av kunst, vidareføring av eigne utstillingar og omvisingar i samlinga kvar veke.

Vi vil også trekka fram samarbeidet med AFF og Solstrandprogrammet. I 2024 var det 11-årsjubileum for dette samarbeidet, som har fokus på samanhengen mellom kunst, kultur og leiging.

For Oseana er det viktig å vera ein god samarbeidspartnar for Bjørnafjorden kommune. Vi ønskjer dessutan å spela ei sentral rolle i utviklinga av Os sentrumsforening, og vera ein aktiv pådrivar i arbeidet med å utvikla reiselivet i området, og Bjørnafjorden som destinasjon.



Grieg Kunstsamling



Grieg Kunstsamling



Grieg Contemporary 2024

GRIEG KUNSTSAMLING OG GALLERI HVELVET

Til saman var det fem forskjellige utstillingar i Grieg Kunstsamling og Galleri Hvelvet i året som gjekk, med om lag 10100 besøkande. Tala er noko usikre då vi har hatt gratis inngang og begrensa registrering. Vi hadde i alt 55 opne omvisingar i tillegg til tre spesialomvisingar for menneske med demensdiagnose, som også er talde med her. Det var også 2 private omvisingar, i tillegg til 5 omvisingar i forbindelse med «Yoga i kunsten»

Utstillingane:

Kobie Nel, soloutstilling, 10. februar–31. mars (Hvelvet).

Samlingsutstilling 3. januar–31. mars (Griegsamlingen).

Sommerutstilling 2024: «Sjølvberging» 27. april–1. september (Begge gallerier).

Samlingsutstilling 28. september – 22. desember (Griegsamlingen)

Grieg Contemporary, gruppeutstilling 16. oktober–22. desember (Hvelvet) Flyttet til Griegsamlingen etter vannlekkasje i Hvelvet.

Tilrettelagde omvisingar: 19. februar, 13. mai, 25. november.

Friskunst, vår: 11.–13., 15., 18., 20., 22., mars, 3.–5. juni. Til sammen 30 skuleklassar.

Friskunst høst: 21.–23., 28.–31. oktober, 4. november. Til sammen 24 skuleklasser.

Det er med stor glede at vi ved hjelp med midlar frå Grieg Foundation har styrka kompetansen på kunstsida ved å tilsetta ein eigen musemsteknikar. Samlinga tel opp mot 1000 verk og det krevst solid kompetanse rundt konservering, lagring og transport i samband med utstillingane.

Samlingsforvaltning

Samlinga er no ein del av den nasjonale museumsdatabasen Primus. Dette er eit viktig ledd i profesjonaliseringa av drifta av samlinga, fordi ein alltid har kontroll på kvar alle verk er, og kan følgja opp til dømes restaurering og utlån i "skya". Primus er også kobla til Digitalt Museum, som er det viktigaste verktøyet for forskning og mellom-museal formidling i Noreg. Med dette er Oseana no ein del av det breie museumsnettverket, noko som over tid vil skape store ringverknader. Kunstverkene som er publisert på Digitalt Museum speiles i en egen webside for Grieg

Kunstsamling: www.griegartcollection.no

Formidling

Formidlingsprogrammet har bestått av offentlege og private omvisingar, samt Friskunst skulebesøk.



FOKUS PÅ BEREKRAFT

I 2024 har Oseana videreført fokus på sin miljøprofil. Vi ønsker å vera eit føregangshus på berekraft. Vi har eit teknisk avansert bygg, med eit solcellepanel på 540 kvm og eige varmpumpeanlegg i kjellaren. Dessverre har vi hatt utfordringar med nytt sentalstyringsanlegg i 2024, så straumforbruket har vore høgare enn forventa. Oseana er stolt samarbeidspartnar med Miljøfyrtårn og Klimapartnere. Vi søker fortrinnsvis etter leverandørar og samarbeidspartnarar som også tenker berekraftig. I samband med kunstutstillinga «Sjølvberging» lagde vi eit plantekasse-prosjekt som blei tilbudt til publikum.



OSEANALIVE

2016-2017 etablerte Oseana prosjektet OseanaLIVE. Vi strøymde framsyningar frå Oseanasalen til sjukeheim, sjukehus og andre institusjonar der det bur menneske som av helsemessige årsaker ikkje har høve til å gå på konsert. Dette var ei gåve frå oss, artist og Kavlifondet. I 2023 hadde vi ein pause i sendingane og brukte tid på å omorganisera prosjektet. Hausten 2023 blei det investert i nytt teknisk utstyr til huset, og prosjektet gjenoppstod i ny drakt med første sending til utvalde helseinstitusjonar hausten 2024. OseanaLIVE vil fortsetta med lokal profil, då vi ikkje har ressursar til vidare nasjonal satsing.



deLillos



Sivert Høyem



KUNST & KULTURSENTER

oseana



Friskunst i Grieg Kunstsamling



BJØRNAFJORDEN KULTURSKULE OG FRISKUNST

Samarbeid mellom Oseana og Bjørnafjorden kulturskule er viktig. Kulturskulen har betydeleg kompetanse i pedagogikk og kunstfagleg læring.

2024 var det siste året vårt felles skuleprosjekt Friskunst eksisterte i dåverande form. Etter snart 12 år, har politikarane valt å leggja ned halvparten av prosjektet. I 2024 fekk skuleelevar oppleva artisten TEO i tillegg til Grieg Kunstsamling. Frå 2025 er musikkdelen kutta, mens skuleprosjektet i Grieg Kunstsamling held fram.



Bjørnafjordkonferansen



Ingvild Tennfjord



Oseana Kafé og Restaurant

ØKONOMI - Sjå vedlagt rekneskapsrapport for detaljar.

Årsresultat	2023	2024
Omsetning	17.759.389	18.624.421
Netto driftsresultat	-2.561.919	-1.596.858
Meir/mindreforbruk	- 672.040	4843

Oseana KF fekk i 2024 kr 6.142.000,- i tilskot frå Bjørnafjorden kommune. For dette beløpet får kommunen ei rekke gjenyingar:

- Husleige for Bjørnafjorden kulturskule inkludert bruk av Oseanasalen
- Tilskot til leige av øvingsrom for faste leigetakarar: Os Musikkforening, Os Skulekorps og Os Swingklubb.
- Tilskot til lokale lag og foreiningar si leige av konsertlokale i Oseana
- Tilskot til Bjørnafjorden kommune si leige av møte og konferanselokale i Oseana

Oseana har hatt totale driftsinntekter, inkludert private og kommunale tilskot, på 18,6 mill. i året som gjekk. Vi er privilegerte med fleire gode støttespelarar, der Grieg Foundation står i ei særstilling. I 2023 hadde vi for første gong sidan huset blei opna eit meirforbruk (underskot). Gjennom gode prosessar og godt arbeid har vi klart å snu dette tilbake til balanse i 2024.

Det er likevel bekymringsfullt at Bjørnafjorden kommune har stramma inn dei økonomiske rammene våre, dette påverkar kulturtilbodet i kommunen vår. Kulturdepartementet har ikkje erstatta gåveforsterkingsordninga som også Oseana nytte godt av. Saman med betydeleg prisvekst på alle område og aukande behov for vedlikehald på bygget, gjer dette at den økonomiske situasjonen er utfordrande.

AKTIVITETANE:

- 98 kulturarrangement
- 43 kurs, møte og/eller lukka selskap
- 6 utstillingar og kunstsamtalar i Hvelvet og Grieg Kunstsamling
- 55 omvisingar i Grieg Kunstsamling.

Aktivitetsanalyse:

Publikumstala viser at vi har hatt eit totalt besøk på om lag 58.000 i 2024, der billettsalet åleine utgjer 26.862. Dette er ei auke på så godt som 3000 billetter frå 2023, og vi nærmar oss toppåret 2019 med om lag 30.000 selde billetter. Det ser vi også på billettomsætninga, som steig med nærare 2 millionar frå 2023 til 2024.


Totalt presenterte Oseana 98 kulturarrangement i 2024.

Til kurs og lukka selskap har vi hatt eit besøkstal på 2741, fordelt på 47 arrangement. Dette er ein betydeleg nedgang frå 2022, men ei lita auke frå i fjor.


Dei faste brukarane våre, knytt til undervisning i Bjørnafjorden kulturskule og øvingar for medlemmar i frivillige lag og organisasjonar, utgjorde om lag 18.000. Tala må sjåast på som eit estimat. I tillegg til dei registrerte besøkstala, kjem gjestar i restauranten og andre besøkande.

Publikumstal 2024 var fordelt slik:

Kulturbesøkjande - Tixly billettsal /anna	26862
Grieg Kunstsamling / Hvelvet	10100 (anslag grunna gratis inngong)
Grupper (Konferanse, event, merkedagar etc.)	2741
Bjørnafjorden kulturskule, brukarar	12000 (anslag i høve til elevtal)
Lokale lag og foreiningar, brukarar	6000 (anslag)
Totalt besøk	57703



Samanlikning mellom 2023 og 2024



KOMMUNIKASJON OG MARKNADSFØRING:

Oseana kommuniserer primært mot publikum gjennom:

- Nettside www.oseana.no
- Sosiale medium og nyheitsbrev
- Annonsar
- Elektroniske info-skjermar i Oseana, Osbadet, Amfi Os, Kommunetorget på Rådhuset og Fjord'n senter.
- Pressemeldingar /redaksjonelle oppslag
- Digital marknadsføringsstrategi i samarbeid med Breakfast AS
- Ny billett-APP i 2024

ORGANISASJONEN

Tilsette

Oseana kunst- og kultursenter hadde ved utgangen av 2024 følgjande tilsette:

Direktør	Ole Tobias Lindeberg
Produksjonsleiar	Linn Campbell Schreuder
Teknisk leiar	Kjetil Uthaug Paulsen
Marknad -og kommunikasjonsansvarleg	Kine Skage Kjellstad
Teknisk produsent (vikar)	Susanna de Groot
Kurator	Jørgen Larsson
Museumsteknikar	Milan Bobysud
Resepsjonsansvarleg	Anne Kristine Tøsdal
Resepsjonist	Hilde Bakke
Reinhalдар	Marianne Helland
Arrangementsvert /resepsjonist	Irene Strønen

Blant dei fast tilsette er kjønnsfordelinga 65 % kvinner og 35 % menn.

Med unntak av artistar og teknisk personell knytt til gjestande produksjonar, utgjorde den årlege arbeidsmengda i Oseana kunst- og kultursenter ved utgangen av 2024 omlag 9 årsverk fordelt som følgjer:

Fast tilsette	8,3 årsverk
Ekstrahjelp	0,7 årsverk

Kurator- og museumsteknikarstillinga er finansiert av Grieg Foundation.

2023/2024 har vore prega av utskifting i organisasjonen. I alt fire tilsette, som er ein betydeleg del av organisasjonen, har bytta jobb i året som gjekk.


Det er lagt vekt på å skapa ein fleksibel og effektiv driftsorganisasjon, med færrest mogleg fast tilsette. I vår region er dette mogleg, fordi det finst fleire større kulturarenaer og eit profesjonelt frilansmiljø, som kan yta teknisk betening til ulike produksjonar. Vi har i 2024 knytt oss sterkare til Fusa Lyd og Lys som teknisk leverandør.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Sjukefråvær for dei fast tilsette var i 2024 på 6,9%. Det høge talet er primært grunna ein langtidssjukemeldt.

Det blir jobba jamleg med arbeidsmiljøet, og vi har gjort fleire ulike tiltak i 2024 for å få det endå betre saman, og for at Oseana skal halda fram å vera ein attraktiv og god arbeidsplass.

Det er ikkje registrert alvorlege hendingar for eigne tilsette i driftsåret 2024. Det er etablert eit nært samarbeid med Bjørnafjorden brann og redning, med fokus på krisehandtering og evakuering. Alle frivillige har fått grunnopplæring. Oseana sin stab er organisert i Delta. Bedrifta har eigen tillitsvald og verneombod.



Årleg kontroll av Oseanasalen – Krankontrollen as

Drift av huset og frivilligheit

Vi merker at bygget har blitt tretti år gammalt og vi har økte utgifter på vedlikehald. Det er ein prioritert oppgåve å halde huset i god teknisk stand.

Oseana har nærare hundre faste frivillige som bidreg stort til både små og store arrangement. I staben set vi utruleg stor pris på kvar og ein av desse. Oseana vil nytta høvet til å takka for fantastisk innsats i året som gjekk.

Alle arrangementa blir avvikla ved hjelp av faste årsverk, samt innleidd personell. Vi har ofte behov for å leiga inn riggehjelp til ulike produksjonar, her har vi gode avtaler med frivillige lag og Vartun oppfølgingscenter i Bjørnafjorden kommune.

STYRESAMANSETNING

Styret i Oseana kunst- og kultursenter hadde i desember 2024 følgjande samansetting:

Styremedlem

Daniel Skotheim (leiar)
Anita N Kristiansen (nestleiar)
Henrik Johannes Askvik
Kenneth Smørdal
Ruth Elin Midtbø
Henriette Tverli Dale
Anne Kristine Tøsdal

Varamedlem

1.vara Terje Raunsgård
2.vara Gøril Nordtveit
3.vara Anna Parnefält Størksen
Ansatte rep: Jørgen Larsson

Styret har gjennomført 5 møter i 2024. Det vart samla utbetalt kr. 106.320,- i styrehonorar.

DAGLIG LEIING

Føretaket sin daglege leiar har vore Ole Tobias Lindeberg.

Styremedlemmar signatur

Daniel Skotheim (leiar)




[Daniel Skotheim \(Mar 19, 2025 16:04 GMT+1\)](#)

Anita N. Kristiansen (nestleiar)




[Anita Nysæther Kristiansen \(Mar 20, 2025 09:20 GMT+1\)](#)

Ruth Elin Midtbø



[Ruth Elin A. Midtbø \(Mar 24, 2025 13:03 GMT+1\)](#)

Anne Kristine Tøsdal




[Anne Kristine Tøsdal \(Mar 24, 2025 11:57 GMT+1\)](#)

Henriette Tverli Dale



[Henriette Tverli Dale \(Mar 24, 2025 10:10 GMT+1\)](#)

Kenneth Smørdal



[Kenneth Smørdal \(Mar 24, 2025 10:23 GMT+1\)](#)

Henrik Johannes Askvik



[Susan Askvik \(Mar 24, 2025 10:19 GMT+1\)](#)

Os den 09.03.2024

TUSEN TAKK TIL VÅRE SAMARBEIDSPARTNERE i 2024














Årsmelding 2024 versjon endelig


Final Audit Report

2025-03-24

Created:	2025-03-19
By:	Ole Tobias Lindeberg (ole@oseana.no)
Status:	Signed
Transaction ID:	CBJCHBCAABAAGtz6LK2rNkUbTYCnHYINgjSlrbr4qDW8

"Årsmelding 2024 versjon endelig" History


-  Document created by Ole Tobias Lindeberg (ole@oseana.no)
2025-03-19 - 1:15:16 PM GMT
-  Document emailed to danielskotheim@hotmail.com for signature
2025-03-19 - 1:18:29 PM GMT
-  Email viewed by danielskotheim@hotmail.com
2025-03-19 - 1:38:58 PM GMT
-  Signer danielskotheim@hotmail.com entered name at signing as Daniel Skotheim
2025-03-19 - 3:04:12 PM GMT
-  Document e-signed by Daniel Skotheim (danielskotheim@hotmail.com)
Signature Date: 2025-03-19 - 3:04:14 PM GMT - Time Source: server
-  Document emailed to anita.kristiansen@backer.no for signature
2025-03-19 - 3:04:27 PM GMT
-  Email viewed by anita.kristiansen@backer.no
2025-03-20 - 8:19:24 AM GMT
-  Signer anita.kristiansen@backer.no entered name at signing as Anita Nysæther Kristiansen
2025-03-20 - 8:20:21 AM GMT
-  Document e-signed by Anita Nysæther Kristiansen (anita.kristiansen@backer.no)
Signature Date: 2025-03-20 - 8:20:23 AM GMT - Time Source: server
-  Document emailed to Henriette Dale (henriette.t.dale@gmail.com) for signature
2025-03-20 - 8:20:32 AM GMT
-  Email viewed by Henriette Dale (henriette.t.dale@gmail.com)
2025-03-20 - 8:20:38 AM GMT

 Signer Henriette Dale (henriette.t.dale@gmail.com) entered name at signing as Henriette Tverli Dale


2025-03-24 - 9:10:50 AM GMT

 Document e-signed by Henriette Tverli Dale (henriette.t.dale@gmail.com)

Signature Date: 2025-03-24 - 9:10:52 AM GMT - Time Source: server

 Document emailed to Susan Askvik (h.askvik@askeladden.no) for signature


2025-03-24 - 9:10:55 AM GMT

 Email viewed by Susan Askvik (h.askvik@askeladden.no)

2025-03-24 - 9:19:11 AM GMT

 Document e-signed by Susan Askvik (h.askvik@askeladden.no)


Signature Date: 2025-03-24 - 9:19:53 AM GMT - Time Source: server

 Document emailed to kenneth.smordal@olavthon.no for signature

2025-03-24 - 9:19:56 AM GMT

 Email viewed by kenneth.smordal@olavthon.no

2025-03-24 - 9:23:03 AM GMT

 Signer kenneth.smordal@olavthon.no entered name at signing as Kenneth Smørdal

2025-03-24 - 9:23:57 AM GMT

 Document e-signed by Kenneth Smørdal (kenneth.smordal@olavthon.no)

Signature Date: 2025-03-24 - 9:23:59 AM GMT - Time Source: server

 Document emailed to annekristine@oseana.no for signature

2025-03-24 - 9:24:02 AM GMT

 Email viewed by annekristine@oseana.no

2025-03-24 - 10:52:21 AM GMT

 Signer annekristine@oseana.no entered name at signing as Anne Kristine Tøsdal

2025-03-24 - 10:57:17 AM GMT

 Document e-signed by Anne Kristine Tøsdal (annekristine@oseana.no)


Signature Date: 2025-03-24 - 10:57:19 AM GMT - Time Source: server

 Document emailed to ruth.elin@online.no for signature

2025-03-24 - 10:57:21 AM GMT

 Email viewed by ruth.elin@online.no


2025-03-24 - 11:59:35 AM GMT

 Signer ruth.elin@online.no entered name at signing as Ruth Elin A. Midtbø

2025-03-24 - 12:03:45 PM GMT

 Document e-signed by Ruth Elin A. Midtbø (ruth.elin@online.no)

Signature Date: 2025-03-24 - 12:03:47 PM GMT - Time Source: server

 Agreement completed.

2025-03-24 - 12:03:47 PM GMT